



Møre og Romsdal fylke



Energiregion Møre

Invitasjon til dagseminar

## Havenergi – framtidens energikjelde?

Energiregion Møre inviterer til eit dagseminar på Rica Hotel Kristiansund, torsdag 01. november 2007 kl. 10.45, der temaet er havenergi.

Ei av dei største utfordringane vi i denne regionen må takle – og det raskt også - er korleis vi skal skaffe nok elektrisk energi.

Tilskota frå energisparing, småkraftverk og bioenergi strekk ikkje til, og solenergien kan først bli aktuell ein gong i framtida. Mange set sin lit til gasskraftverk, men dei fører til auka utslepp av klimagassar, noko som ikkje vindturbinar gjer. Men vindturbinar, enkeltvis eller i parkar på land eller langs kysten, raserer naturen. Atter andre set sin lit til atomkraftverk basert på thorium, men atomkraftverk er enno tabu her i landet.

Havenergi derimot, er det stadig fleire som ser på som framtidens energikjelde. Havbølgjene representerer eit enormt energipotensiale, det same gjer havstraumane. Men mest interessant er vel kanskje dei kjempestore flytande vindturbinane i store parkar langt til havs, langt utanfor synsvidda.

På dette seminaret vil Enova presentere sin "Potensialstudie i havenergi", og Runde miljøseier og Energiguide presenterer forstudien dei har laga for fylket. Deretter blir deltakarane inviterte til å komme med innspel til korleis fylket skal arbeide vidare med temaet.

Seminaret er gratis, men på grunn av serveringa av lunsj må vi ha påmelding.

Målgruppene er administrative og politiske leiarar i fylket og kystkommunane, bransjen, næringsforeiningar, media og andre interesserte.

Elektronisk påmelding på [www.mrfylke.no](http://www.mrfylke.no) under aktivitetsskalendaren, eller på epost til [kjellaug.finnoy@mrfylke.no](mailto:kjellaug.finnoy@mrfylke.no), tlf. 71 25 80 67, innan 25.oktober.

For spørsmål vedrørande seminaret, kontakt rådgivar Einar Oterholm, på telefon: 472 89 898, eller på epost: [inar.oterholm@mrfylke.no](mailto:inar.oterholm@mrfylke.no).

Vi ønskjer vel møtt til ein spennande dag i Kristiansund.

Med helsing

Joralf Flataukan,  
Regional- og næringsdirektør

Einar Oterholm,  
rådgivar



Møre og Romsdal fylke



Energiregion Møre

# Program

## Torsdag 01.november:

- 10.45 – 11.15    **Registrering, kaffe, te**
- 11.15 - 11.30    **Kva er Energiregion Møre**  
v/Einar Oterholm, Energiregion Møre
- 11.30 - 12.30    **Enovas potensialstudie havenergi**  
v/Kjell Olav Skjølsvik, Enova
- 12.30 - 13.30    **Lunsj**
- 13.30 - 14.15    **Havenergi i Møre og Romsdal  
potensiale, lokalisering og teknologi**  
v/Lars Golmen, Runde Miljøsender og  
Arild Næss, Energiguide
- 14.15 – 15.00    **Idemyldring om vegen vidare.**  
Innleiar - Ole Helge Haugen,  
Møre og Romsdal fylke

